



Multiconsult ASA
Postboks 265 Skøyen
0213 OSLO

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/17962 - 20/76990

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:
02.12.2020

Godkjenning av tiltaksplan - gbnr. 137/55 Alver - fjerning av oljetankar

Administrativt vedtak: Saknr: 1307/20
Tiltak: Fjerning av oljetankar
Byggjestad: Gbnr: 137/55
Tiltakshavar: Circle K Norge AS
Ansvarleg søker: Multiconsult Norge AS
Søknadstype: Søknad om godkjenning av tiltaksplan, jf. Forskrift om begrenning av forurensing § 2-8 (forureiningsforskrifta)

VEDTAK

Alver kommune godkjenner den innsende tiltaksplanen for forureina grunn av 04.11.2020 jf. forureiningsforskrifta § 2-8. Vedtaket gjeld for gbnr. 137/55 Alver.

Tiltaksplanen vert godkjent med følgjande vilkår:

- Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med tiltaksplan datert 04.11.2020.
- Gjennomføringa av tiltaket skal hindra uakseptabel spreiring av ureina massar under anleggsverksemda og etter avslutta tiltak.
- Eventuell forureina masse som vert fjerna frå tiltaksområdet, skal leverast til godkjend deponi eller handsamingsanlegg med løyve etter forureiningslova. Det må ligg føre dokumentasjon på at massane er levert godkjent deponi. Det er ikkje høve til å mellomlagra ureine massar innanfor eller utanfor tiltaksområdet utan særskild løyve.
- Forureina massar skal ikkje blandast med reine.
- Tiltakshavar skal gjennomføra tiltak for å minimera straumen av overflatevatn og etablera rutinar for handtering av vatn i byggegrop. Leinsevatn skal reinfiltrerast i grunnen eller førast til kommunalt overvassanlegg etter søknad.
- Ureina overflatevatn/grunnvatn skal samlast opp av mobil oljeutskiljar.

SAKSUTGREIING

Tiltak

Circle K Norge AS skal avvikla drifta av selskapet sin automatstasjon i Isdalstøbakken, gbnr. 137/55 Alver.

Anlegga som skal fjernast består av 5 nedgravne tankar, pumpepalter, betongplater, sluk og tilhøyrande leidningsanlegg. Grunneigar planlegg å legge ned nye tankar i same tankgropa og starte drift av egen bensinstasjon. Gravearbeida skal utførast av Entreprenør Roger Mjåtveit AS.

Området som vert omfatta av gravearbeida har et areal på ca. 1.000 m². Det er forventa at det må gravast ca. 3 meter under dagens terreng i tankgropa og ca. 0,5 meter under terreng i leidningstrasé. Tiltaksområdet er vist på fig. 1.



Figur 1: Foto av stasjonen mot nordøst og situasjonsplan under med tiltaksområde (markert med blått).

Grunnundersøking

Eigedomen er ikkje registrert i Miljødirektoratets database over eigedomar med forureina grunn. Tiltakshavar er ikkje kjent med at det er registrert svinn eller har vore lekkasje eller overfyllingar på stasjonen som har medført grunnforurensing av den aktuelle delen av tomten. Då det har vore bensinstasjon på eigedomen i mange år kan det likevel ikkje utelukkast at delar av grunnen kan vere forureina.

Det er ikkje gjennomført miljøteknisk prøvetaking for tiltaksområdet.

Tiltakshavar opplyser at på grunn av tryggleksavstandar til eksisterande tankar og sugeleidningar er det ikkje mogleg å gjennomføre relevante miljøtekniske grunnundersøkingar i forkant av gravearbeida. Det vert derfor planlagt å gjennomføre miljøtekniske undersøkingar i forbindelse med gravearbeida.

Tiltakshavar opplyser at undersøkinga vil verta utført av miljøgeolog frå Multiconsult med spesialkompetanse på oljeforureining . Antall prøvar som skal analyserast vert avgjort basert på observasjonar i felt. Det vil i utgangspunktet verta tatt prøvar både av massar som gravast opp, for å avklare korleis dess skal disponerast og attverande massar i botn og sider av tiltaksområdet. Dersom det vert påvist forureining vil undersøkingsområdet verta utvida slik at ein får kartlagt omfanget av forureininga. Prøvane vil verta analysert av analyselaboratoriet Eurofins AS, som er akkreditert for de aktuelle analysane.

Føreliggande rapport er derfor en tiltaksplan for handtering av mogleg forureina masser, og med en skildring av korleis prøvetaking skal utførast seinare.

Disponering av massar

Tiltakshavar opplyser at i utgangspunktet skal alle massar gjenbrukas på eigedomen. Dersom det vert påvist forureining i massane, vil det verta utført ein enkel risikovurdering i samsvar med Miljødirektoratet sin rettleiar TA2553/2009 for å avklara korleis massane skal disponerast.

Gravemasser i tilstandsklasse 4 (sterkt forureina) eller høgare vil verta levert til mottak som har løyve til å ta imot masser med den aktuelle forureiningsgrad. Masser i klasse 3 eller lavere er ifølge rettleiaren godt egnet til bruk i industriområder og vei- og trafikkarealer (herunder bensinstasjoner/verkstedsområder), og slike masser vil bli gjenbrukt i den grad det er plass til det på stasjonen. Eventuelle overskuddsmasser i klasse 2 og 3 leveres til godkjent mottak, medan overskuddsmasser i klasse 1 (reine masser) vil bli disponert fritt innenfor plan- og bygningslovens bestemmelser.

Handtering av vatn

Det kan ikke utelukkast at gravearbeida berører grunnvatnet. Dersom gravearbeida medfører behov for lensepumping, vil vatnet verta pumpa til mobil oljeutskiller. Entreprenøren har sugebil i beredskap dersom det vert forekomst av vatn med oljefilm.

Risikovurdering

Det er tiltakshavar meining at det planlagde gravearbeidet medfører ingen fare for spreiiing av grunnforureining, forutsett at tiltaksplanen vert følgd.

VURDERING

Kommunen legg tiltaksrapporten for gbnr. 137/55 Alver til grunn og meiner at tiltaksrapporten som ligg føre ser ut til å vera tilstrekkeleg for å kunne vurdera omfanget av forureininga. Prøvetaking skal utførast slik det går fram av tiltaksplanen og resultatata av prøvetakinga skal sendast miljøavdeling i Alver kommune. Kommunen i er vidare av den oppfatning at dei føreslegne akseptkriteria tek i vare helse og miljø for den aktuelle arealbruken.

Krav til tiltaket

Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med tiltaksplan datert 04.11.2020.

- at tiltaksområdet, som eit minimum, møter krava til planlagd arealbruk, sjå rettleiinga [Helsebaserte tilstandsklasser for forurenset grunn, miljodirektoratet.no](https://www.miljodirektoratet.no)
- å hindre uakseptabel spreining av miljøgifter frå tiltaksområdet under anleggsverksemda og etter ferdigstilt tiltak.
- Forureina massar som vert fjerna frå tiltaksområdet, skal leverast til godkjend deponi eller behandlingsanlegg med løyve etter forureiningslova. Det skal ligg føre dokumentasjon på at massar er levert til godkjent deponi.
- at det blir tatt prøvar av området etter at dei forureina massane er fjerna, for å dokumentere at massane som er att ikkje er forureina ut over tilstandsklasse 4/5 i dei overflate nære massane, sjå rettleiinga [Helsebaserte tilstandsklasser for forurenset grunn, miljodirektoratet.no](https://www.miljodirektoratet.no).

Krav om kontroll og beredskap

- Anleggsområdet skal til ei kvar tid vera tilstrekkeleg sikra slik at området ikkje er tilgjengeleg for allmenta.
- Kommunen skal til ei kvar tid ha tilgang til anlegget for inspeksjon.
- Det skal utarbeidast ein beredskapsplan for handtering av ukjend eller akutt forureining i grunnen.
- Det skal vera ein miljøkonsulent til stades ved graving i forureina massar
- Ved akutt forureining eller fare for akutt forureining som følgje av tiltak, skal den ansvarlige straks varsle brannvesenet jf., forskrift om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining.

Krav om graving og sortering av forureina jord skal sørgje for

- at miljøgifter ikkje blir spreidde dersom de grev opp forureina masser.
- å unngå å blande forureina massar med reine massar.
- at ved gjenbruk/ombruk av masser på eigedommen, skal reine massar og massar med låg forureiningsgrad prioriterast framfor massar med høgare forureiningsgrad.
- å gjennomføre tiltak for å minimere tilstrøying av overflatevatn til byggjegrøper.
- etablere rutinar for å handtere vatn i byggjegrøpene, til dømes ved å etablere sedimentasjonstank og eventuelt hente inn løyve frå kommunen for påslepp til kommunalt avløpsnett.

Krav til mellomlagring av forureina jord

- Mellomlagring av forureina jord på tiltaksområdet, skal dette skje på ein slik måte at miljøgiftene ikkje blir spreidde.
- Mellomlagring av forureina masser som kan lekkje, skal skje på tett botn og skjermast mot nedbør.
- Avrenningsvatn frå området skal samlast opp.

- Det må vurderast om fleire tiltak er nødvendig for å avgrense spreiding av miljøgifter. Dersom forureina massar skal mellomlagrast utanfor tiltaksområdet, må det innhentast løyve frå Fylkesmannen.

Rapportering til Grunnforureining

De må rapportere lokaliteten til Miljødirektoratets database Grunnforurensning innan 3 veker frå dette vedtaket er motteke, dersom dette ikkje allereie er gjort.

Tiltakshavar sitt ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at arbeidet vert utført i samsvar med dette vedtaket og forskrift om begrensning av forurensing kap. 2. Kommunen si godkjenning endrar ikkje tiltakshavar sitt ansvar for at tiltaka er tilstrekkelege etter § 2-5 i forskrifta.

Endringar i tiltaksplanen

Dersom det oppstår vesentlege endringar i tiltaksplanen, eller dersom det vert oppdaga meir eller anna forureining enn det som blei kartlagt, må det sendast inn revidert tiltaksplan. Kommunen må godkjenne den reviderte tiltaksplanen før endringane blir sette i verk.

Sluttrapport for forureina grunn

Når arbeidet er ferdige, skal det sendast inn sluttrapport til kommunen med skildring av korleis tiltaksplanen er følgt opp, og korleis dei forureina massane er handterte. Det skal koma fram av dokumentasjonen kva type forureina massar eller anna avfall som er levert, kvar det er levert, kva mengder og dato for levering. Dokumentasjonen skal vera frå mottakaren av massane.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klagerett

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/17962

Med vennleg helsing
Alver kommune

Silje Haukedal
Avdelingsleiar

Hogne Askeland
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.

Mottakere:

Circle K Norge AS
Multiconsult ASA

Postboks 1176 Sentrum
Postboks 265 Skøyen

0107 OSLO
0213 OSLO